



Utmarksbeite til mjølkegeit

Forfatter

Helga Kvamsås, TINE Rådgiving og Medlem

Margrete Eknæs, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap, NMBU

Torstein Garmo, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap, NMBU

Knut Hove, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap, NMBU

Harald Volden, TINE Rådgiving og Medlem

Sammendrag

Geitemjølkeprodusentar over heile landet tek denne sommaren del i eit beiteforsøk der hovudformålet er å undersøke korleis kraftfôrnivået i beitesesongen påverkar utnytting av utmarksbeite. Feltforsøket er ein del av det fireårige prosjektet «Produksjon av geitemjølke med høg kvalitet ved økt bruk av norske fôrmidlar og forbedret fôrutnyttelse» ved Norges miljø- og biovitenskapelige Universitet (NMBU) på Ås. Hensikta med forsøket er å utvikle kraftfôrstrategiar i beitetida som kan auke utnyttinga av naturlege beiteressursar samstundes som ein opprettheld avdrått og kvalitet på mjølka.

Publisert

2014

Referanse

Sau og Geit nr. 3/2014

Utskriftsdato

20.08.2019 www.fag.nsg.no

- Spennande feltforsøk:

Utmarksbeite til mjølkegeit



Geitemjolkprodusentar over heile landet tek denne sommaren del i eit beiteforsøk der hovudformålet er å undersøke korleis kraftfôrnivået i beitesesongen påverkar utnytting av utmarksbeite.

Feltforsøket er ein del av det fireårige prosjektet «Produksjon av geitemjolk med høg kvalitet ved økt bruk av norske fôrmidler og forbedret fôrutnyttelse» ved Norges miljø- og biovitenskapelige Universitet (NMBU) på Ås.

Hensikta med forsøket er å utvikle kraftfôrstrategiar i beitetida som kan auke utnyttinga av naturlege beiteressursar samstundes som ein opprett- held avdrått og kvalitet på mjølka.

Økt fokus på utnytting av utmarksbeite

Utnytting av utmarksbeite er viktig for norsk geitehald, både for omdøme og kostnadseffektivitet. Mjolk og ost produsert på utmarksbeite har meir gunstig fetttsyresamansetning og er meir aromatisk enn mjolk produsert på høg, surfôr og kraftfôr. Som beitedyr fungerer geita dessutan som landskapspleiar i tillegg til å være ein viktig del av den norske kulturarven. Stølsdrift er framleis utbredt i delar av landet og nesten 1/3 av geitebesetningane nyttar sommarfjøs eller sætrar om sommaren.

Beiteperioden strekker seg normalt frå mai til ut september, men lengda på beitetida varierer alt etter kor i landet ein er. Omlag 50% av geitmjolkvolumet vert produsert i perioden mai til og med september, men andelen

Veging av geiter hos forsøksvert Einar Lie i Aurland.

mjolk produsert på beite har gått ned dei siste åra. I 2003 vart 42% av geitmjolka her i landet produsert på beite, medan talet var redusert til 36% i 2013. Geitenæringa har uttrykt uro for utviklinga når det gjeld bruk av utmarksbeite og signalisert at det er trong for forskning, som set søkelys på betre utnytting av desse ressursane.

Feltforsøket som no er i gang er eit viktig ledd i å utvikle kraftfôrstrategiar, som gjer at geitene får utnytte ein større del av fôrpotensialet som ligg i beiteressursane.

I feltforsøket er dei viktigaste forsøks-spørsmåla:

- Vil redusert kraftfôrmengde i beitetida føre til auka beiteaktivitet?
- Korleis påverkar redusert kraftfôrmengde i beitetida mjølkemengde, kjemisk samansetning og innhald av frie feittsyrer?
- Korleis vert beiteaktiviteten påverka av kraftfôrnivået tidlig samanlikna med seint i beitesesongen?
- Korleis påverkar vertilhøva beiteaktiviteten til geitene?

Til saman deltek 22 geitebesetningar frå Troms, Sogn og Fjordane, Hordaland, Telemark, Buskerud, Oppland og Hedmark i feltforsøket. Storleiken på besetningane varierer frå 40 til 160 årsgeiter. Over halvdelan av besetningane har stølsdrift.

Føresetnaden for å ta del i forsøket er at geitene berre beitar i utmark og at det ikkje vert føra med anna grovfôr i forsøksperioden.

Mindre kraftfôr i beiteperioden

For å få svar på forsøks-spørsmåla, skal forsøksbesetningane, ut frå eit etablert kraftfôrnivå i besetninga, gjennomføre reduksjon i energitilførselen frå kraftfôr med 30% i to periodar tidleg og seint i beitesesongen. Gjennom ulike registreringar er målet å få svar på om geitene greier å kompensere for reduserte kraftfôrmengder med høgare beiteopptak og meir aktiv beiting.

Registreringar

• Beiteaktivitet

Beiteaktiviteten til geitene vert registrert ved at to av geitene i flokken vert utstyrt med GPS-klavar.

Desse har ein aktivitetssensor som registrerer hovudrørsler og såleis beiteaktivitet og tid brukt til beiting.

• Kvaliteten av beiteområdet

Kvaliteten av beitet i eit område er avhengig av mange tilhøve (bl.a. klima, topografi, nærings- og vass-tilgang i jorda), men også bruken av området som beite for husdyr (dvs. om området er sterkt beita eller er i ei attgroingsfase). På grunnlag av fordelinga av vegetasjonstypene (vegetasjonskartlegging) i beiteområda vil ein kunne vurdere beiteverdien for geit i dei enkelte områda.

• Dyreveging

Geitene vert vegne to gonger i løpet av beitesesongen, 1-2 veker før oppstart av første periode med redusert kraftfôrmengde og 1-2 veker etter siste periode.

Totalt kjem ein til å vege over 2.000 geiter i løpet av forsøket. Gjennom vektregistrering vil ein kunne få informasjon om eventuell endring i hold gjennom beiteperioden.

• Utvikling i avdrått og mjølkekvalitet

Registrering av levert tankmjolk vil danne grunnlag for utrekning av gjennomsnittleg mjølkemengde per geit gjennom sesongen. Tankmjølkanalyser frå kvar leveranse vil vise utvikling i mjølkekvalitet.

• Vertilhøve

Vertilhøve har sterk innverknad på beiteaktiviteten til geitene. Ved hjelp av verstasjonar, som skal setjast opp i nærleiken av fjøset ved forsøksstart, skal ver og klima registrerast gjennom heile beiteperioden. Verstasjonane skal registrere og lagra verdata ein gong per time og gje detaljert informasjon om m.a. temperatur, nedbør og vind.

Basert på erfaringar frå beitesesongen 2014 er planen å gjenta beiteforsøket ytterlegare ein sesong. Målsettinga er å utfordre geitene sin kapasitet for beiteopptak.

*Helga Kvamsås¹⁾, Margrete Eknæs²⁾,
Torstein Garmo²⁾, Knut Hove²⁾ og
Harald Volden¹⁾*

1) TINE Rådgiving og Medlem

*2) Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap,
NMBU*



Verstasjonen snart klar.



Montering av verstasjon på sætra til forsøksvert Håkon Gjølstad i Øystre Slidre.



Kraftfôrrasjonen skal oppmålast nøyaktig.